

08.02.2011

Godt fornøgde med båtbesøket



Denne familien frå Tertnes i Bergen var svært godt fornøgd etter besøket i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal Båtlag hadde 1020 gjestedøgn i siste sesong og det var 92 færre enn i 2009.

Likevel er leiinga veldig godt fornøgd fordi det var ein generelt roleg båtsesong dei fleste stader.

Ein annan positiv opplysning i årsmeldinga som vart lagt fram på årsmøtet mandag kveld var at 20 møtte fram på fellesdugnaden. Det er lenge sidan sist det var så mange med på denne.

Elles er hekken klypt, lagshuset beisa, uteantenna for internett er montert, det er føreteke høgtrykkspyling og utsiden av moloen er måla. I samband med leggjingga av kloakkledningen gjennom området vart det lagt rør til fiber inn til lagshuset.

Båtlaget har hatt ein positiv utvikling i forbruket av straum dei siste 3 åra med ein nedgang på 5.600 timer etter ymse straumpsparande tiltak. Totalforbruket i fjor var 35 081 timer.

Arbeidet med bygslingsavtale eller kjøp tok ein god del tid ijfjor, men no er avtalen klar for underteikning og tinglysing.

Av Ola Matti Mathisen